

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 27.05 .2022
SAKSHANDSAMAR: Lene Lie
SAKA GJELD: **Regulering av satsar for honorering av brukarrepresentantar**

ARKIVSAK: 2022/574
STYRESAK: **073/22**

STYREMØTE: **13.06. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtar nye satsar for honorering av brukarrepresentantar.

Oppsummering

Satsane blei sist regulert i samband med at det blei utarbeidd felles nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad i RHF-a med underliggjande HF i januar 2017. Helse Midt og Helse Nord har oppjustert sine satsar og det har heile vegen vore eit mål å i så stor grad som mogleg harmonisere satsane mellom regionane. Dei nye satsane for Helse Vest samsvarar med oppjusterte satsar i Helse Midt, man avviker litt frå Helse Nord sine satsar grunna ulikt utgangspunkt. Helse Sør Øst har eigne høgare satsar.

Dei nye satsane for Helse Vest blei tatt i bruk frå 01.01.2022. I Helse Nord er oppjusterte satsar styrebehandla, medan i Helse Midt er satsane fastsatt administrativt. Helse Sør-Øst har styrevedtak på at satsane følgjer Staten sine satsar og justerer satsane når Staten sine satsar blir justert.

På bakgrunn av at Helse Nord har styrebehandla oppjusterte satsar, vel ein å leggje fram dei oppjusterte satsane for styret i Helse Vest for beslutning. Mindre justeringar av satsane framover vil bli gjennomført administrativt.

Fakta

I dei nye satsane er sats for heildagsmøte (over 4 timar) oppjustert til kr 1.900,- og sats er sett til kr 310,- per time for andre møte. Dette blei gjort for å harmonisere satsane mest mogleg mellom regionane. Tidlegare blei det utbetalt kr 1.700,- for heidagsmøte, kr 850,- for møter under fire timer og kr 500,- for møter opp til to timer.

Honorar for leiar av brukarutval i RHF og HF er uendra på 30 000 kr. per år, medan honorar for nestleiar i brukarutval for RHF og HF er oppjustert frå 15000 kr. til 20 000 kr. for å harmonisere satsane mellom regionane.

Dei nye satsane vil i enkelte tilfelle slå ut slik at brukarrepresentantar får mindre utbetalt for møter dei deltek i, men i sum vil justeringa likevel vere gunstig for dei fleste.

Det er brukarrepresentantar i det noverande regionale brukarutvalet som er i arbeidsforhold. Det kan søkast om tapt arbeidsforteneste for tida dei representerer brukarutvalet i møte. Helse Vest følgjer satsane i Staten sin Personalhandbok kapitel 10.14.2. for kompensasjon av tapt arbeidsinntekt for brukarrepresentantar i arbeidsforhold. Kompensasjon for tapt arbeidsinntekt kjem i tillegg til møtegodtgjersle, men beløpet kan til saman ikkje overstige kr 4.033,- og heller ikkje overstige det reelle tapet av inntekt. For å søke om tapt arbeidsinntekt må brukarrepresentanten dokumentere tapet av inntekt dei dagane det gjeld.

Medlemmer av regionalt brukarutval og brukarutval i føretaka blir kompensert likt då arbeidsmengden ikkje nødvendigvis er større i RBU enn i de underliggende brukarutvalgene. Dette er også i tråd med honoreringa i Helse Midt-Norge og Helse Nord.

Konklusjon

Styret stiller seg bak dei nye satsane for honorering av brukarrepresentantar som går fram av vedlagte retningslinjer for brukarmedverknad.

Vedlegg:

Felles retningslinjer for brukarmedverknad med reviderte satsar per. 01.01.2022